



# Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

69.ÅRG. / NR. 3 - 2015

*Skapar framtidas kyrkje*

Kyrkjevalet  
2015

**Kyrkjevalet**

Side 4-5

**Vegen**

Side 8, 9 og 10

- Andakt side 3
- Slekters gang side 15
- Gudstenestelista side 16

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Kyrjekontoret har ikkje telefaks.

### Ekspedisjonstid:

**Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00**

### Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobil 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen  
og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: frode.kvamsøe@vaksdal.kyrkja.no

### Trusopplærer Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79

E-post: kristin.audestad@vaksdal.kyrkja.no

### Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester,  
konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på  
[www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

## Skal du stemma ?

Livet består av små og store val. Me må alle ta mange avgjersle kvar dag. Kva skal eg ha på brødskiva?, kva skal eg bruka fritida mi på ?, kva skal eg bruka pengane mine på ? Dei fleste val er heldigvis av det enkle slage, men nokon er litt vanskelege. Dei fleste av oss kan nok sikkert tenkja på nokre gonger ein har tatt feil val her i livet. Men i etterpå-klokskapens lys er det alltid lett å sjå kva ein burde ha gjort.

Det 14 september kan du bestemma deg for å stemme i kommune og fylkestingsvalet og på kyrkjevalet. Det er fantastisk at me kan leva i eit land der me får lov å være med å bestemme kven som skal styre. Det einaste feile vale denne dagen er å ikkje nytta seg av denne moglegheita. Som mange av dykk veit er kona mi frå Kenya.

Der står folk å syng og dansar i den time lange køen som fører fram til valurna. Dei har tatt på seg sine finaste klede. Dette er enno eit so ungt demokrati at folk hugsar korleis det var når dei ikkje fekk være med å bestemme.

Eg ventar ikkje heilt slike tilstandar, men det hadde vore kjekt med kø!

### Godt val!

**Bjart-Magnus N Rosvold**

## FEIL I VALKORTA 2015

*Etter at valkorta for 2015 gjekk i trykken har det vorte oppdaga feil i korta som er sendt ut i Nesheim og Dale sokn.*

*Dette beklagar Kyrjekontoret på det sterkaste. Feilen i valkorta betyr at alle som stemmer i desse sokna vil få utlevert ny og riktig liste når dei kjem for å stemma på valdagen.*

*Like eins seier me oss leie viss nokon som ikkje skal ha kort har fått det tilsendt og viss nokon som skal ha kort ikkje har fått det tilsendt.*

### Fellesrådsleiar:

Anne Hilde Fosse Osvold

tlf. 56 59 58 16 / 951 00 327

### Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal  
tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten  
tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid  
tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet  
tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Geir Høvik  
tlf. 56 59 66 49

Nesheim: Frøydis Gullbrå  
tlf. 56 59 52 77

### Den norske kyrkja si heimeside:

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

### Björgvin bispedømme si heimeside:

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

### Bladstyrar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

### Grafisk utforming:

VaksdalPosten

### Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam

### Eksp. og trykk:

Riss Grafisk AS,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50

### Retur til: Kyrjekontoret

for Vaksdal, Pb. 113,

5721 Dalekvam

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 9. nov. 2015**

# Inn i ukjent terreng - utan kart og kompass?

Det er stor skilnad på om me er i, eller skal til, kjente eller ukjente stader.

Er det ein kjent stad - eller eit kjent område - me skal til, så veit me korleis det vert. Me veit så nokon lunde korleis det ser ut og kva som vert kravd av oss. Er det ukjent område me skal inn i kjenner me oss meir usikre og jamvel redde. Og når me står ved eit vegskilje er det ikkje alltid så lett å sjå kva for ein av vegane vidare som er best. Somme gonger kjem me dit kor vegen tek mange retningar, og då vil framtida vere ukjent for oss. Men velgja veg, det må med. Er me på tur vil det som oftast vere mogleg å gå attende den vegen me kom. Men livet går framover, og me kan ikkje snu på same måten som når me er på tur.

No for tida er det mange val som skal gjerast. Dei næraste dagane skal det veljast folk til nye kommunestyre og fylkesting. I den norske kyrkja skal det veljast nye sokneråd og bispedømeråd. Det siste valet er samstundes val av Kyrkjemøte for dei komande fire åra.

Buplikta for prestane er nett oppheva - les meir om det ein anna stad i Kyrkjebladet - og i kyrkja er prosessen godt i gang med diskusjonen om ny kyrkjeordning. Det vil seie val av korleis kyrkja skal organiserast og leiast når skilsmålet mellom kyrkja og staten vert fullført dei komande åra.

I samfunnet elles vert det diskutert heftig kor kommunegrensene skal gå i framtida. Entusiasmen synast å vere like stor for å halde på grensene me har no som å få nye. Andre val er og viktige for lokalsamfunna, slik som korleis pengane skal nyttast generelt, kor borna skal gå på skule og kor dei gamle skal bu.

Me veit jo ingen ting om framtida! Me kan planlegge og førebu, men veit ikkje korleis det vert før me er korleis det vart. Somme fryktar endringar og vil ha det meste slik som no. Andre synes det er spanande med det som er nytt



eller ser at slik ting er no fungerer dei ikkje. Vala våre vert påverka av kva verdiar me har i livet, kva me meiner er rett og galt, og - diverre - kor egoistiske me er.

Det som gjev tryggleik for framtida er å legge livet i hendene til Han som kjenner fortid, notid og framtid. Sjølv om eg går inn i ukjent terreng, kan eg vere trygg for at eg ikkje er åleine og at eg kjem fram dit eg skal. Slik er oppmodinga i Salme 37, vers 5:

*Legg din veg i Herrens hand!  
Set di lit til han, så grip han inn.*

Det står ikkje noko i Bibelen om kva kommunar som skal slåast saman, om skular skal leggjast ned, eller kven som skal inn i sokneråd og kommunestyre. Somme val må me gjere sjølv, basert på det me har av kunnskap, vit og verdiar. I Bibelen har me eit godt kompass, og verdiane som vert formidla er gode å ha med seg. Dei som les Bibelen vil aldri sjå heilt likt på det som står, og det vil vere rom for ulike tolkingar. Men bodskapen om nåde, tilgjeving og kjærleik vil alltid vere godt å leve i og å gjere val etter, val som er gode både for andre menneske og for oss sjølv. I salme 119, vers 105 tår det:

*Ditt ord er ei lykt for min fot  
og eit lys for min stig.*

**Godt val!**

**Med beste helsing Frode Kvamsøe**

# Kyrkjevalet 2015

## Info om Kyrkjevalet

**Kyrkjevalet er for ein periode på fire år.**

Val-dagen er den same som for kommunevalet, måndag 14. september. Det vert to lister ved valet. Ein skal røyste på kandidatane til dei lokale sokneråda, og på Bispedømerådet. Krinsane for kommunevalet og soknegrensene er ikkje heilt samanfallande, så ein ber veljarane om å setje seg inn i kva stad ein kan røyste. Som ein kan sjå av oppstillinga, er det mogleg både for «Dalesoknarar og Vaksdalsoknarar» å røyste på Stanghelle. På Eidsland kan ein røyste i Stamnes og Eksingedalen sokn, og på Bergo kan ein røyste i Eksingedalen og Nesheim sokn.

## Val til lokale sokneråd 14. september

Soknet ein bur i	Røystestad	Røystetid
Dale	Dale barne- og ungdomsskule	11:00-20:00
Dale og Vaksdal	Stanghelle samfunnshus	11:00-20:00
Bergsdalen	Bergsdalen skule	11:00-16:00
Vaksdal	Vaksdal samfunnshus	11:00-20:00
Stamnes	Stamnes skule	11:00-19:00
Stamnes og Eksingedalen	Eidsland grendahus	11:00-17:00
Eksingedalen og Nesheim	Eksingedalen skule, Bergo	11:00-18:00

### Førehandsrøysting

Førehandsrøystinga startar 17. august og held fram til og med torsdag 11. september, i opningstida til kyrkje-kontoret. Det er mogleg å førehandsrøysta i sokna alle stader i landet ved å ta kontakt med det lokale kyrkje-kontoret. Ein må berre passe på at det vert gjort innan 1.september 2015. Alle veljarar får tilsendt valkort i posten. Dette må takast med ved førehandsrøystinga. Veljaren må òg kunne legitimere seg for røystemot-takaren. Veljar som har førehandsrøysta kan ikkje røyste på nytt på valdagen.

### Reglar for røystinga

Det skal veljast 4 medlemmer og 5 varamedlemmer i Bergsdalen, Eksingedalen og Nesheim sokn. Det skal veljast 6 medlemmar og 5 varamedlemmer i Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Kandidatlistene er sette opp i prioritert rekkjefølgje. Du kan levere røystesetelen utan endringar. Vil du endre på røystesetelen, kan du:

- Gje inntil tre kandidatar ei tilleggsrøyst ved å setje eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten. Kandidaten får då to røyster.
- Leggje til intill tre namn på vallis-ta. Dette namnet kan ein ikkje gje ei tilleggsrøyst.
- Dei andre kandidatane får ei røyst kvar under oppteljinga. Andre endringar vil ikkje telje med i valoppgjeret. Bruk blå/svart penn eller blyant.

### Greitt å vite

Manntalet (medlemsregisteret for Den norske kyrkja) er tilgjengeleg på kyrkjekontoret. Du kan berre få kjennskap til opplysningar om deg sjølv, eller om ein person som du har fullmakt frå. Sjølv om du ikkje står i manntalet, har du krav på å få røyste. Då må du grunnkje kvifor du meiner at du har røysterett i soknet. Grunnkjevinga bør skrivast. Soknerådet avgjer under oppteljinga om røysta er gyldig og skal teljast med. Treng du rettleiing eller hjelp i vallokalet, kan du vende deg til ein av valfunksjonærane.

Om du grunna ei funksjonshemming, til dømes synshemming, treng hjelp for å røyste, kan du sjølv velje ein person over 14 år til å hjelpe deg.

Du kan ta kontakt med kyrkjekontoret om du ikkje har høve til å møte opp på nokon av røystestadane. Me vil så langt det er råd gje høve til røysting heime eller på institusjonane.

# Kyrkjevalet 2015

# Liste over kandidatar kyrkjevalet 2015

## Bergsdalen sokn

1. Anne Hilde Fosse Osvold, 46 år, Fosse
2. Elin Mbogo Svensson, 27 år, Lid
3. Herborg Lid, 71 år, Lid
4. Dan Berge, 47 år, Berge
5. Olaug Fagerbakke, 54 år, Lid
6. Kari Kristin Hopperstad Rødland, 49 år, Rødland
7. Kari Berge, 70 år, Berge
8. Jorunn Pernille Brekke, 77 år, Brekke
9. Ole Johan Pettersen 59 år, Brekke

*Det skal veljast 4 medlemmer og 5 varamedlemmer*

## Dale sokn

1. Roy Steinsland, 27 år, Stanghelle
2. Evelyn Tvedt, 51 år, Dale
3. Eli Kringlebotten, 65 år, Stanghelle
4. Atle Terjesen, 49 år, Dale
5. Brith Kydland, 50 år, Dale
6. Morten Bruvik Erdal, 32 år, Dale
7. Kjartan Dale, 43 år, Stanghelle
8. Solfrid Langeland Gjermo, 69 år, Stanghelle
9. Thor Alf Andersen, 53 år, Dale
10. Nina Johnsen, 47 år, Dale
11. Anita Johansen, 51 år, Dale
12. Eli Bjørg Leiren, 61 år, Stanghelle

*Det skal veljast 6 medlemmar og 5 varamedlemmar*

## Vaksdal Sokn

1. Svein Hovlandsdal, 32 år, Vaksdal
2. Odd Arild Faugstad, 68 år, Vaksdal
3. Hans Kristian Lid, 23 år, Vaksdal
4. Oddvar Dale, 62 år, Vaksdal
5. Bjørn Knutsen, 69 år, Vaksdal
6. Grete Loftheim Dale, 63 år, Vaksdal
7. Kari Bø, 57 år, Vaksdal
8. Albert Larsen, 76 år, Vaksdal
9. Sonja Berit Boge, 61 år, Vaksdal
10. Daniel Svensson Kinsarvik, 24 år, Vaksdal
11. Morten Eintveit, 36 år, Vaksdal

*Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer*

## Nesheim Sokn

1. Anita Helen Gullbrå, 45 år, Gullbrå
2. Magnar Nese, 53 år, Brakestad
3. Gøril Kvinge Nesheim, 29 år, Nesheim
4. Arne Nesheim, 72 år, Nesheim
5. Sveinung Tyssen Bergo, 52 år, Bergo
6. Eldbjørg Irene Gullbrå, 56 år, Ekse
7. Gaute Øvstedal, 40 år, Nesheim
8. Øystein Brekkhus, 39 år, Gullbrå
9. Lars Bjarte Nesheim, 35 år, Nesheim
10. Oddvar Fosse, 73 år, Fosse

*Det skal veljast 4 medlemmer, og 5 varamedlemmer*

## Stamnes Sokn

1. Bjørn Stamnesfet, 59 år, Stamnes
2. Anne Margrete Eikefet, 57 år, Eidsland
3. Olaug Helen Lunde Stamnes, 60 år, Stamnes
4. Eidrun Straume Normann, 56 år, Stamnes
5. Egil Kaland, 39 år, Stamnes
6. Rose-Marie Mo Lilletvedt, 30 år, Stamnes
7. Erna Bjørg Vedaa, 80 år, Stamnes
8. Maria Kolstad, 39 år, Stamnes
9. Kåre Brekkhus, 65 år, Stamnes
10. Arne Vik, 63 år, Stamnes
11. Karin-Johanne Berge Rosvold, 69 år, Stamnes

*Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer*

## Eksingedalen sokn

1. Kjersti Vetlejord Børø, 46 år, Vetlejord
2. May-Britt Tufte Sjøholm, 35 år, Høvik
3. Asbjørn Lavik, 45 år, Lavik
4. Kenneth Furevikstrand Lavik, 32 år, Lavik
5. Asbjørn Flatekval, 60 år, Flatekval
6. Kåre Magnar Trefall, 55 år, Haugen
7. Haldis Øvre Helland Fjellanger, 55 år, Lavik
8. Kjell Flatekval, 75 år, Flatekval
9. Bjørn Nese, 51 år, Nese

*Det skal veljast 4 medlemmar og 5 varamedlemmar*



## DEN NORSKE KYRKJA

For meir informasjon, sjå [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

# Val av nytt bispedømeråd



## Bli betre kjent med kandidatane

**Les meir om kandidatane på nett:** [kyrkja.no/bjorgvin](http://kyrkja.no/bjorgvin), eller i brosjyre du får på ditt lokale kyrkjekontor.

**Der kan du lesa kandidatane sine svar på desse spørsmåla:**

1 | Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

2 | Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer den evangelisk-lutherske folkekyrkja som:

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

Korleis vil du arbeida for å verkeleggjere dette?

3 | Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

4 | Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgjeveransvar i kyrkja?

5 | Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

## Kyrkjevalet 2015 - kort sagt

- 13. – 14. september er det kyrkjeval i tillegg til kommune- og fylkestingsval. Dei fleste stader er valet berre den 14. september
- Alle medlemmer av Den norske kyrkja har røysterett frå det året dei fyller 15.
- Førehandsrøysting frå 10. august.
- Kandidatane blir valde for fire år.
- I august vil alle med røysterett få eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan røysta.
- Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «Storting». Kyrkjemøtet har ei veldig viktig rolle i å styra kyrkja no som den er i ferd med å bli sjølvstendig i høve til staten.
- Di røyst i det direkte valet er med på bestemma dei fire første kandidatane som skal inn i bispedømerådet. Resten av dei sju leke representantane blir valde av sokneråda seinare.
- I tillegg vel prestane ein kandidat og andre kyrkjeleg tilsette ein kandidat. Begge desse gruppene har egne kandidatlistar. Biskopen er fast medlem av bispedømerådet, som har 10 medlemmer.

Du kan påverka

Nominasjonskomiteen sine kandidatar er sette opp på vallista i prioritert rekkefølge. Eventuelle kandidatar frå supplerande nominasjon står nedst på lista utan nummer. Rekkefølga har berre noko å seie dersom to kandidatar får likt tal røyster. Kvant kryss du set framfor ein kandidat, kan difor ha mykje å seia.

## Slik går du fram når du skal velja kandidatar

A | Du kan levere røystesetelen utan endringar.  
- Alle kandidatane på røystesetelen får då ei røyst kvar.

Vil du endre på røystesetelen, kan du gje inntil tre kandidatar ei tilleggsrøyst ved å setje eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten.

B | - Kandidaten får då to røyster.  
- Andre kandidatar får ei røyst kvar.  
- Andre endringar vil ikkje telje med.  
- Det er ikkje høve til å stryke kandidatar.

Val av leke medlemmer til bispedømeråd og Kyrkjemøtet - EKSEMPEL  
17.3-114 september 2015

Kyrkjevalet 2015

Nominasjonskomiteen

1.  OL

2.  OP

3.  KY

4.  ...

5.  ...

6.  ...

7.  ...

8.  ...

9.  ...

10.  ...

11.  ...

12.  ...

13.  ...

14.  ...

15.  ...

16.  ...

17.  ...

18.  ...

19.  ...

20.  ...

Supplerande kandidatar

1.  ...

2.  ...

3.  ...

4.  ...

5.  ...

6.  ...

7.  ...

8.  ...

9.  ...

10.  ...

11.  ...

12.  ...

13.  ...

14.  ...

15.  ...

16.  ...

17.  ...

18.  ...

19.  ...

20.  ...

drageljellet.no



KYRKJEVALET – SKAPAR FRAMTIDAS KYRKJE

# Min salme

**Nr. 418 i Norsk Salmebok 1984**

**Nr. 419 i Norsk Salmebok 2013**

Salmen MED JESUS VIL EG FARA står som en søyle i Salmeskatten vår. Egentlig skulle den fått stå her helt alene, helstøpt og sterk. Likevel – noen få tanker omkring den:

Som de aller fleste Blix-salmer, begynner den i hverdagen og ender i himmelen. Innimellom rulles livet ut i vakre bilder. Det er likevel JESUS det handler om, følgesvennen på livets veg, «mi høyeste æra» og «mi største ros.» Og HAN tegnes for oss i sterke bilder, hentet fra både Det Gamle og Det Nye Testamente. Vi skimter dikteren bak: Fiskersønnen fra Gildeskål i Nordland, teologen med Det Gamle Testamente som spesialfelt, ihuga målmann, som gav det norske folk salmer på folkets eget språk. Som gammel nordlending, fikk jeg denne salmen med meg fra heim, kirke og skole. Den har alltid vært der, til stor berikelse, glede og velsignelse.

Les den og syng den!

**Fra Liv Sæther, som utfordrer  
Olav Arne Steinkopf.**

**T: Ole Theodor Moe 1904**

**M: Caroline Volla Sørli omkr 1910**

*1 Jesus, det eneste,  
helligste, reneste  
navn som på menneskelepper er lagt!  
Fylde av herlighet,  
fylde av kjærlighet,  
fylde av nåde og sannhet og makt!*

*2 Motganger møter meg -  
aldri du støter meg  
bort fra din hellige, mektige favn.  
Mennesker glemmer meg,  
Herre, du gjemmer meg  
fast ved ditt hjerte og nevner mitt navn.*

*3 Herre, du høre meg,  
Herre, du føre meg  
hvordan og hvorhen det tjener meg best!  
Gi meg å bøye meg,  
lær meg å føye meg  
etter din vilje mens her jeg er gjest!*

*4 Du er den eneste,  
helligste, reneste.  
Gi meg ditt rene og hellige sinn!  
Frels meg av snarene,  
fri meg fra farene,  
ta meg til sist i din herlighet inn!*



Denne og dei neste sidene er via trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar «Vegen i Vaksdal». Det er sjølvsagt Livs- og Trusvegen det handlar om, og ikkje E16 denne gongen. (Sjølv om E16 er viktig nok å få gjort noko med!) Det er eit mål at alle som er døypte skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år. Dette for å læra meir om det som står i Bibelen, kva me kan læra av det, utforska eigen tru og bli kjende med Gud og Jesus på ein trygg, spennande og variert måte. Me jobbar framleis med vår trusopplæringsplan, og vil nok presentera den meir heilskapleg seinare. Uansett vil de her kunna lesa litt om kva som har vorte gjennomført av trusopplæringstiltak til no, og kva som kjem til å skje av dette i kyrkjene framover. På midtsidene vil det vera teikne- og problemløysingsaktivitetar for borna.



## Kva har skjedd på VEGEN sidan sist?

### Skulevegenstart

No i august har me gjennomført noko som heiter Skulevegenstart i alle kyrkjene der det finst seksåringar. Overgangen frå barnehage til skule er ein av dei store hendingane i livet, og fyrste skuledag er ein dag ein sannsynlegvis alltid kjem til å hugsa. Kva har så kyrkja med dette å gjere? Me trur at me har ei rolle å spela i slike store hendingar, der me kan lyfta fram gode verdiar i denne samanhengen og vera ein trygg og gjenkjenneleg stad der ein alltid kjenner seg heime, og kan koma tilbake til.

Då me i år gjennomførte Skulevegenstart, vart seksåringane møtte i døra ein halvtime før gudstenestestart. Trusopplærar Kristin prata litt med dei om dette med skulestart, dei øvde på ein song som heiter «Skal vi være venner», og fekk også ei lita stund til meir fysiske aktivitetar, så det var lettare å sitja i ro etterpå. Det er ikkje til å stikka under ein stol (eller kyrkjebenk) at det kan vere vanskeleg for ein liten kropp å sitja i ro og fylgje med under ei heil gudsteneste, men seksåringane var flinke! Preika var tilpassa dei, og handla om Sakkeus i treet. Det var rart at Jesus - som mange likte - ville heim til Sakkeus- som ingen



På Stamnes fekk Salomon, Mikael, Are og Tilde gåver dei kunne nytta vidare på skulen. Foto: Eidrun S. Normann

likte! Etter at Jesus hadde vore på besøk, ville rike Sakkeus dela pengane sine med dei fattige. Denne forteljinga viser oss at det er fint å dela med andre, og at Jesus er glad i oss alltid, uansett korleis me er!

Etter preika fekk seksåringane nokre gåver som dei kanskje kunne få bruk for som fyrsteklassingar. Små matboksar, viskelær, blyant og eit oppgåveark.





# Aktivitetssider

## Brett ein sommarfugl!

### Du treng:

To ark, piperensar eller ståltråd, saks, tråd, evt. fargeblyantar

### Slik gjer du:


Klipp ut ein sirkel med diameter ca 20 cm (kortsida av eit A4-ark) Klipp ut ein sirkel med diameter ca 15 cm.

Brett begge sirklane med «trekkspel-brett» (fram og tilbake, ca 1 cm i breidda)

Legg desse bretta sirklane oppå kvarandre, den minste nederst. Surr ein ståltråd eller piperensar rundt, og la endane bli «følehorn» oppover.

Dra dei bretta sirklane utover litt, så dei dannar fine venger. Knyt ein tråd til eit følehorn så sommarfuglen kan hengast opp.

**TIPS:** Bruk farga ark eller fargelegg kvite ark for å få ekstra fine sommarfuglar.



*Visste du at sommarfuglen er eit symbol på håp, og på Jesus? Den gjennomgår fleire fasar i livet før den vert sommarfugl – det den er meint til å vera.*

## VITS

Læraren: Høyr no Jens. Om eg gav deg to kattar. Og så to kattar til. Og så to kattar til. Kor mange kattar ville du hatt då?

Jens: Sju kattar!

Læraren: Høyr godt etter no. Eg gjer deg to kattar. Og så to kattar til. Og så to kattar til. Kor mange kattar har du då?

Jens: Sju kattar, sa eg!

Læraren: Lat meg stilla spørsmålet annleis. Om eg gjer deg to eple, så to eple til, og så to eple. Kor mange eple har du då?

Jens: Seks eple!

Læraren: Flott! Så eg spør igjen: Om eg gjer deg to kattar. Og så to kattar til. Og så to kattar til. Kor mange kattar har du då?

Jens: SJU!!

Læraren: Jens! Kvar i alle dagar får du sju frå?

Jens: Jammen, eg har jo ein katt heime!!

## VING

**> anna kvar fredag kl 18.30-20.30 i Dale bedehus  
> for dei som går i 5, 6. og 7. klasse**

**Datoar: 4. september, 18. september, 2. oktober, 16. oktober, 30. oktober, 13. november, 27. november**

*VING er eit samarbeid mellom indremisjonen og Dale sokn, og er eit tilbod til alle i Vaksdal som går i 5,6. og 7. klasse.*

## LEIRAR PÅ FAGERTUN I HAUSTEN

**9-11. oktober for aldersgruppa 7-10. klasse**

**27-29. november for aldersgruppa 4-7. klasse**

For meir info og påmelding: Kontakt Åshild Rene, tlf. 99 16 57 14.



## Utdeling av fireårsbok

I slutten av oktober og byrjinga av november (sjå datoane i gudstenestelista på siste sida i Kyrkjebladet) skal det vere utdeling av fireårsbok i kyrkjene som har fireåringer. I fireårsboka finn me ein del fine songar, forteljingar og teikneseriar tilpassa alderstrinnet. Det vert nok også eit opplegg knytta rundt utdelinga, mest sannsynleg ei eller fleire ettermiddagssamlingar i førekant av utdelinga. Så fireåringer – ver klare! Kjekt om så mange som mogleg kjem. Om nokon ikkje har sjanse til å koma, men likevel ynskjer å få fireårsboka, kan de henvenda dykk til soknerådet, prestane eller trusopplæraren, så er sjølvsagt det mogleg å ordna!



## Utdeling av Det Nye Testamentet til tiåringane

Nokre av kyrkjene inviterer til utdeling av Det nye testamentet til tiåringane samtidig med utdeling av fireårsboka i oktober og november (sjå datoane i gudstenestelista på siste sida i Kyrkjebladet). Andre kyrkjelydar gjer dette på andre tidspunkt, men de tiåringar vil få invitasjon i posten når det er dykkar tur! Det er mogleg det vert noko opplegg rundt denne utdelinga også, men det er litt for tidleg å seia kva det eventuelt blir. Uansett vert alle i denne aldersgruppa invitert til Lys Vaken-samling og overnatting i Dale kyrkje etter nyttår ein gong.

## Vil du hjelpa, eller har du idear?

Eg som er ny trusopplærar i Vaksdal no, Kristin, har veldig lyst til å gjera ein god jobb i denne stillinga. Eg håpar å kunna laga og gjennomføra tiltak som fengar borna og samtidig lærer dei nokon gode verdiar og let dei bli kjend med dei gode og viktige forteljingane i Bibelen, så dei får hjelp til å finna ut av og utvikla si eiga tru. Oj, det var ein stor og flott og vanskeleg gjennomførbar visjon, tenkjer du kanskje? Og det tenkjer eg også. Samtidig trur eg det er lurt å ha noko å strekkja seg etter, og eg veit at eg ikkje greier dette åleine. Me har allereie fleire gode medarbeidarar som er med og gjer ein

super innsats innan trusopplæringsarbeidet, noko me er svært takknemlege for! Med ein del nye tiltak som skal gjennomførast, er det likevel alltid behov for medarbeidarar. Så om du kjenner deg «kalla» til å bidra i dette viktige arbeidet på eit eller anna vis, er det berre å ta kontakt med Kristin på tlf 95766379, så finn me nok ei oppgåve som nett du kan gjera ein innsats i. Om du har idear til korleis me kan jobba med trusopplæring her i Vaksdal, er det også berre å gje ein lyd til meg. Elles må det også nemnast at det viktigaste trusopplæringsarbeidet skjer i heimane. Borna ser og tek

etter oss foreldre, på godt og vondt. Det merkar i alle fall eg i heimen min... Om ein klarar å snakka med borna om si eigen tru, lytta til kva dei tenkjer om dette, lesa i barnebøker og bibelforteljingar saman og reflektera over viktige spørsmål på ein open måte, styrkjer ein sjølvkjensla og trua til borna, og gjev dei ein tryggleik i at det dei tenkjer er viktig for oss foreldre. Når ein legg til rette for slike gode stunder, er det utruleg kva som kan dukka opp av tankar og refleksjonar inne i ein liten kropp!

# GUDSTENESTEREFORMA

## ► Preik

«Eg skal til Preik» seier folk i Vaksdal, og så har dei eigentleg tenkt seg på gudsteneste. Preika i gudstenester har alltid vore eit sentralt element. Her vert Ordet forkynt, evangeliet forkynt og ein kan lære og vekse i trua ved orda ein høyrer, verte inspirert, kjenne kallet til omvending, til teneste og misjon. Ja kanskje endå til gjevarteneste.

At ein snakkar om å gå til Preik handlar kanskje om kor stor del av tida den hadde i gudstenesta før, og kor lenge den varte, for før i tida då kunne den vare lenge....

Preika har ikkje vore særleg i fokus i gudstenestereforma, og ein del har etterlyst det. Rammene rundt preika er endra, og opningane for å ta i bruk ulike verkemiddel er skissert. Og det vert gjort i større eller mindre grad. Høve til drama, dans, song og musikk som inkorporert del av ei preik er mogleg. Å nytte fleire medarbeidarar er mogleg, ein kan invitere til samtale og refleksjon med kyrkjelyden, ein kan trekke tråden gjennom alle dei leste tekstane og oppsummere det i evangelieteksten, ein kan nytte stille/meditasjon. Det fins ulike verkemiddel, og forteljarkunsten er vorte meir og meir dyrka i kyrkjelege samanhengar.

At prestane her i prostiet har vore på kurs i «preikelære» i det siste syner at kyrkja også har eit ynskje om utvikling på dette feltet. Det å skulle halde ei preik i dag er nok annleis enn det var for ein del år sidan, med andre krav og forventningar. Kunnskapen og pedagogikken på dette området er i endring.

Men det sentrale for ei preik, endring, utvikling og verkemiddel teke i betraktning er framleis forkyninga om Ordet og evangeliet.

## SORGGRUPPE PÅ VOSS

Ny sorggruppe startar opp  
24. september

- Torsdagar kl. 19-21 ca. ein gong i mnd (10 samlingar)
- I Kyrkjetunet (gult hus vis-à-vis kyrkja)
- I sorggruppa vil det vera frå 5-10 deltakarar

Gruppa kjem saman for å dela erfaringar og opplevingar etter å ha mista ein av sine næraste - der ein kan vera til hjelp og støtte for kvarandre. Gruppa skal vera eit trygt fellesskap der ein kan setja ord på dei kjensler, tankar og reaksjonar sorga fører med seg. Tilbodet er for alle uansett livssyn.

Dersom du/de ynskjer å delta i sorggruppe eller ynskjer meir informasjon, kan du ta kontakt med

**Diakon Sigrid Djukastein Mala på tlf. 478 49 134**  
**eller sokneprest Ivar Bu Larssen på tlf. 977 09 377.**

gjennom livet

DEN NORSKE KYRKJA  
Kyrkja i Voss

## Sacred Concert nr 2 av Duke Ellington

i Vaksdal kyrkje  
laurdag 31. oktober kl 17.00

med Kilden, jazzband, prosjektkor frå Samnanger og Tysse og Nordbygda musikkiag. Solist er Solhild Røen Hauge. Dirigent er Per-Lorenz Milotzki.

**Fredag 30. oktober vert det same programmet framført i Samnanger i Haga kyrkje.**

*Duke Ellington var ein amerikansk jazzpianist, komponist, arrangør og orkesterleiar, eit av jazzens viktigaste namn uavhengig av genre eller stil. Han var òg den første i jazzen som komponerte i større format. Dette verket vart framført første gong i Cathedral of St. John the Divine i New York i 1968. Sidan har det vore framført i mange kyrkjer både i USA og i Europa. I Samt Sulpice i Paris var det mellom anna ei historisk framføring med 5000 tilhøyrarar tilstade. Medverkande den gong var den kjende svenske songaren Alice Babs. Publikum kvitterte med ståande ovasjonar. No er det mogleg å oppleve dette flotte verket i Vaksdal kyrkje og i Haga kyrkje i Samnanger.*



## Salmekveldar i Vaksdal

**I advent 2013 vart det lansert ei ny salmebok for kyrkja den norske. I Vaksdal har ein venta ei stund med å ta i bruk den nye boka, men no har alle sokna i Vaksdal vedteke å gjera det.**

I desember 2014 var det mykje fokus på salmar mellom anna gjennom den store NRK-sendinga «Salmeboka minutt for minutt» Dei som stod bak dette var Norsk korbevegelse, NRK og Nidaros bispedømme. I følgje NRK-sjef Thor Gjermund Eriksen er «salmeboka en viktig del av den felles kulturelle arven i Norge».

No har ein eit ynskje om å løfte fram den nye salmeboka i Vaksdal òg slik at fleire kan bli betre kjend med ho. Salmar møter ein i kyrkja i samband med gudstenester, dåp, gravferd, vigsler, konsertar og andre arrangement. Det er likevel ikkje berre i kyrkja vi møter salmane. I følgje Erik Hillestad: I dag er salmer noe man kan høre fra artister i alle aldre, og de er sjangeroverskridende, fra klassisk, via jazz og folkemusikk til pop og rock. De synges ikke bare i bel canto-stil til orgel i kirken, men fra konsertscener og som fellessang under store folkemøter eller når en tragedie har rammet bygda eller landet.

Kan hende noko av dette nye stoffet kan klinge i oss når vi går ut, slik at ein er litt betre kjend med det neste gong ein møter det. På salmekveldane ynskjer ein òg å presentere litt av den store breidda både musikalsk og språkleg.

Torsdag 3. september var det salmekveld med Kordial i Dale kyrkje.

**Onsdag 21. oktober kl. 19.00** vert det salmekveld i Dale kyrkje med Dale Mannskor.

**Fredag 20. november kl 19.00** vert det salmekveld i Vaksdal kyrkje med Kilden.

## Buplikta til prestane vert avvikla



Vaksdal prestebustad frå då Edvard Bø flytta inn i 2001.

Frå og med 1. september 2015 vart buplikta avvikla, har regjeringa vedteke. Med det er ei ordning som har vore i 500 år sidan reformasjonen vorte historie.

Dette er eit politisk vedtak som var nedfelt i regjeringserklæringa. Presteskapet har gjennom åra hatt ulike haldningar til buplikta. Ordninga har vore til både fordel og ulempe. Prestane har vore sikra bustad til ei fast husleige uavhengig av geografi og storleik. Buplikta har vore ei binding til dette husværet som berre kunne fråvikast ved høg alder eller særskilte høve. Difor har prestane til no ikkje vorte fordelsbeskatta for husleiga.

Endringa er at det ikkje lenger vert ei plikt å bu i bustaden, berre ei rett. Prestane vil ha same husleiga, men i tillegg vert dei no skatta for fordelen. Skatten vert utrekna individuelt i høve geografi, storleik, alder og tilstand. Det tyder at differansen mellom husleige og marknadsleige må presten skatta for. Her vert det store skildnader. Særleg vert det kostbart for prestar i dei store byane og i kommuner med høge bustadpriser. Sjølv biskoper og prostar ser seg naudsynete til å finne nytt eige husvære.

Ordninga med buplikt har

ikkje berre vore med tanke på prestane si velferd, men like mykje for kyrkjelydane sin del. Prestane og deira familier skulle bu i nærleiken av tenesta og ta del i det sosiale livet i bygda. I framtida vil prestane kunne bu i eige husvære i ein annan kommune. Det styrande for regjeringa er prestane sin fridom til å velgje å bu i eigen bustad slik det elles er i befolkninga. Mange av prestane har ikkje kunne vore med på verdiauka dei siste 25 åra. Men samstundes er det no krevjande for mange prestar på kort tid å skulle reise kapital til eigen bustad, særleg for dei unge prestane.

Prestane i Vaksdal bur i dag i kommunale bustader. Verdifastsetjinga er enno ikkje ferdigbehandla. Prestane får og ei godtgjersle for opphevinga av ordninga som er framforhandla mellom fagforeiningane og departementet. Vanskelegare vert det nok for prestane i meir sentrale strok som Voss og Bergen. Samstundes vil no prestane ha fridomen til å flytte i eige hus når det måtte passa. Men om nokon skulle lure, so vert altså ikkje prestane kasta ut av bustaden frå og med 1. september.

**For prestane  
Edvard Bø**

**FELLES MØTEVEKE**

i Vaksdal bedehus

Talar: Reidun Skurtveit

**Tysdag 15. september til  
fredag 18. september.****Alle møta byrjar kl. 19.00.****Vaksdal bedehus**

Storsamlingar søndag kl. 11.00

Søndagsskule i kjellaren frå kl. 11.30

**13. september** Tale v/Erik Furnes**4. oktober** Song- og vitnemøte**25. oktober** Tale v/Reidun Skurtveit**15. november** Tale v/Ole Corneliusen**Onsdag 21. oktober kl. 19.00**

Møte ved Norsk Muhammedanermisjon.

Tale v/Herdis Heimdal.

**Laurdag 24. oktober kl. 13.00** Bedehusdagen.**Søndag 8. november kl. 17.00** Vera saman-samling.**Stanghelle bedehus****Onsdag 2. sept. kl. 19.00** Møte v/Leiv Nesheim**Laurdag 17. okt. kl. 16.00**

Basar. Andakt v/Anita Solbakk.

**Onsdag 28. okt. kl. 19.00** Møte v/Christian Skoge.**Dale bedehus****Onsdag 19. april kl. 19.00** Møte v/Leiv Nesheim.**Onsdag 7. okt. kl. 19.00** Møte v/Helge Keilergavlen.**Laurdag 24. okt. kl. 16.00** Basar. Andakt v/Eva Bognøy.**Laurdag 14. nov. kl. 18.00** Bibelhelg v/O. Corneliusen**Søndag 15. nov. kl. 11.00** Bibelhelg v/O. Corneliusen**Liker du å syngja?  
Bli med i kor!**

**Baby- og småbornssong 0-4 år**, i Stamnes bedehus  
Samling ca ein gong i månaden med song, leik og skattejakt.  
Matpakke tek ein med, servering av drikke og frukt. Dato for  
første samling vert kunningjort, følg med.

**Stamnes barnekor, 4 år og oppover**, i Stamnes bedehus  
Eit kor med song, trivsel og leik. Opplæring i å stå i kor, synge  
og med høve til å utfalde seg.

Ein trusopplæringsarena i trygge omgjevnadar.  
Øving torsdagar frå 17.00-18.00.

**Stanghelle/Dale barnesongkor, frå 8 år (3. klasse)**  
i Dale kyrkje

Eit kor med høve til utvikling av songstemme og  
kjennskap til ulikt repertoar, kunnskap om bibel-  
forteljingar og andre forteljingar.

Reiser kvart år på tur og har sosiale samver.  
Øving onsdagar kl 14.10 til 15.10.

**Vaksdal barnekor, 8 år (3. klasse)** i Vaksdal kyrkje  
Eit kor med høve til utvikling av songstemme og  
kjennskap til ulikt repertoar, kunnskap om bibel-  
forteljingar og andre forteljingar. Reiser kvart år på tur  
og har sosiale samver.  
Øving tysdagar frå 14.10-15.10.

**Kilden, Frå 13 år og oppover**, i Vaksdal kyrkje  
Eit kor med ulikt repertoar, sosiale samver, songoppdrag  
ved mange ulike høve, reiser innimellom på tur, gjev høve  
til utvikling av songstemme og songkunnskap.  
Øving fredagar frå kl 18.00-19.30.

Bli med på ein eller fleire aktivitetar som passar din alder.  
Velkommen!

**Før meir info kontakt**

**Tone Synnøve Øygard Steinkopf tlf: 900 41 393**

**Effektiv**  
**trafikkopplæring**

**Tlf. 913 03 491**  
geir@effektivtrafikk.no  
www.effektivtrafikk.no

**TOMME-**  
**STOKKEN BYGG AS**

Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

**ARNPRO**

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



**Liv Anne's AS**

Kafé – Bakeriutsalg – Catering  
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle  
Kaldtbord  
Snitter

Minnesamvære:  
• Dekking  
• Mat  
• Servering

**BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

**coop  
prix**

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

Opningstider:  
Mån-laur 8-20  
Søn 12-20

**SÆTERDAL  
ELEKTRO**

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00

**SparebankenVest**  
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

**VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

**Ve vangen elektriske a/s**  
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66      www.vangen-elektriske.no

**GRAVMINNER**



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

**STEINRIKET  
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

# SLEKTERS GANG



## DØYPTTE

### Dale

- 24.06 Leo Nottveit Heycock  
 24.06 Emma Joy Nottveit Heycock  
 28.06 Mia Lie Andersen  
 05.07 Emilie Tangen (døpt i Arna)  
 19.07 Mia Skarsbø-Knutsen  
 30.08 Jacob Mykkeltveit  
 30.08 Jarl-Samuel Rosvold  
 30.08 Alexandra Espeland Ulveseth  
 30.08 Olivia Espeland Ulveseth  
 30.08 Are Leander Vetås-Tveit

### Nesheim

- 21.06 Cecilie Nottberg Brønstad

### Stamnes

- 26.07 Amelia Helena Leiren Gronholm  
 26.07 Celine Leiren Andersen  
 16.08 Amanda Gammersvik

### Vaksdal

- 02.08 Jacob Gapo Solheim  
 30.08 Tobias Grenasberg Bruvik



## Alt innan tømrararbeid



TLF. 922 65 739



## VIGDE

### Bergsdalen

- 27.06 Angelin Rachael Vaksdal og Carl-Erik Skare  
 29.08 Jeanett Sellevold og Morten Bruvik Erdal

### Dale

- 20.06 Anita Helen Boge og Morten Svarstad  
 27.06 Anita Andreassen og Øivind Laurits Vatle

### Eidsland

- 15.08 Anna Eikemo og Cato Clarke Amundsen

### Vaksdal

- 11.07 Ine Løtvedt Klever og Torbjørn Klever  
 18.07 Anita Olsen og Kim Andre Gunnarson Lunde



## DØDE

### Dale

- |       |                         |      |
|-------|-------------------------|------|
| 14.06 | Finn Arnold Kvamme      | 1941 |
| 24.06 | Erna Magdalena Faugstad | 1919 |
| 16.07 | Tordis Rørvik           | 1924 |
| 19.07 | Arnfinn Waldemarsen     | 1951 |
| 07.08 | Karin Pedersen          | 1926 |
| 13.08 | Johannes Erdal          | 1927 |
| 15.08 | Nils Ove Dankertsen     | 1954 |

### Eidsland

- |       |               |      |
|-------|---------------|------|
| 07.06 | Gjertrud Seim | 1927 |
|-------|---------------|------|

### Stamnes

- |       |                |      |
|-------|----------------|------|
| 25.05 | Agnar Aas      | 1931 |
| 29.06 | Astrid Normann | 1927 |

### Vaksdal

- |       |                   |      |
|-------|-------------------|------|
| 23.06 | Brynhild Fossmark | 1920 |
| 02.08 | Rolf Davidsen     | 1941 |
| 09.08 | Anton Knutsen     | 1931 |



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet  
56 59 89 34

## VELKOMEN TIL KYRKJA

**Søndag 13. september -**

**16. sønd. i treeiningst.**

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11:00.

Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16:00. Familiiegudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 20. september -**

**17. sønd. i treeiningst.**

VAKSDAL KYRKJE kl. 16:00. Ung Messe. Bø og konfirmantane som har vore på leir. Nattverd. Dâp.

**Søndag 27. september -**

**18. sønd. i treeiningst.**

NESHEIM KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Dâp. Kyrkjekaffi.

DALE KYRKJE kl. 16:00. Ung Messe. Kvamsøe og konfirmantane som har vore på leir. Nattverd. Dâp.

**Søndag 4. oktober -**

**19. sønd. i treeiningst.**

STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Dâp.

**Søndag 11. oktober -**

**20. sønd. i treeiningst.**

DALE KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Dâp. 50- og 60-årskonfir-

mantane.

**Søndag 18. oktober -**

**21. sønd. i treeiningst.**

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Dâp. 50-årskonfirmantane.

EIDSLAND KAPELL kl. 17:00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Dâp.

**Søndag 25. oktober -**

**Bots- og bededag**

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Dâp.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11:00. Hausttakkefest. Bø. Nattverd. Dâp. Kyrkjekaffi.

DALE KYRKJE kl. 16:00. Familiiegudsteneste. Audestad og Kvamsøe. Nattverd.

Dâp. 4-åringane er særskild innbedne. Kyrkjekaffi.

**Søndag 1. november -**

**Helgemessesøndag**

STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Familiiegudsteneste. Audestad og Bø. Stamnes barnekor. Nattverd. Dâp. 4- og 10-åringane er særskild innbedne. Kyrkjekaffi

**Søndag 8. november -**

**24. sønd. i treeiningst.**

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Familiiegudsteneste. Audestad og Bø. Kor-

skulen i Vaksdal. Nattverd. Dâp. 4- og 10-åringane er særskild innbedne.

Kyrkjekaffi.

NESHEIM KYRKJE kl. 15:00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Dâp. Kyrkjekaffi.

**Søndag 15. november -**

**25. sønd. i treeiningst.**

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16:00. Familiiegudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 22. november -**

**Siste sønd. i kyrkjeåret**

Ingen gudstenester i Vaksdal

**Søndag 29. november -**

**1. sønd. i adventstida**

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 16:00.

Lysmesse. Kvamsøe, born og unge i Eksingeanen. Kyrkjekaffi.

STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Lysmesse. Bø og konfirmantane.

VAKSDAL KYRKJE kl. 19:00. Lysmesse. Bø og konfirmantane.

DALE KYRKJE kl. 20:00. Lysmesse. Kvamsøe og konfirmantane.

*Dâp = Høve til dâp i gudstenesta. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no) og for eventuelle endringar.*



# Bunad og stakkastove as

*ny bunad*

*omsøm*

*bunadsølv*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfjossen*

*[www.bunadogstakkastove.no](http://www.bunadogstakkastove.no)*